

FØRDE IL

Postboks 238,

6802 Førde

epost: post@fordeidrettslag.no

Mobil: 91876772

www.fordeidrettslag.no

Til: Styret, særiddrettsgruppene, kontrollkomité, valkomité, Finn Friis Hafstad Minnefond, revisor Kurt Inge Hyllestad v/BDO Førde

INFO JANUAR 2017

ÅRSMØTE I FØRDE IL – torsdag 30.03.2017

Dato for årsmøtet er torsdag 30. mars 2017. Frist for innsending av saker er 1. mars. Særiddrettsgruppene må avhalde sine respektive årsmøter seinast 15. mars. Vil særiddrettsgruppene ha årsmøtet sitt på FIL-huset, må ein hugse på å booke møtelokale i god tid hos tone.lin@forde-fotball.no.

Årsfestmiddagen på FIL-Huset er booka laurdag 25. mars. Innbyding til dette kjem seinare, men vi ber særiddrettsgruppene notere dato.

VALKOMITEEN TEK MOT FORSLAG

til leiar og styremedlemer i Førde IL hovudlaget. Send forslag innan 1.mars til FIL valkomiteen:

- Knut Folkestad, leiar folkestad@union.no
- Nils Olav Kongsvik, medlem
- Monica Litsheim, medlem
- Steinar Gram (vara)

ÅRSAVSLUTNING 2016 – frist 31.01.2017

Frist for innlevering av regnskapsdokumentasjon er **tysdag 31. januar 2017**. Resultatrekneskap, saldobalansar, hovudbøker osv. kan sendes på mail til revisor kurt.hyllestad@bdo.no eller anne.mortensbakke.solheim@bdo.no (tlf. 47800028).

- Lønnsytelsar/honorar utover kr. 10.000 skal som hovudregel lønnsinnberettast. Ta kontakt med Irene Bjørndal v/IB Rekneskap innan 10. januar viss du treng bistand med dette. Tlf. 41573418, irene@ibrekneskap.no.
- Idrettslag/særiddrettsgrupper som har færre enn 600 bilag i løpet av rekneskapsåret, kan nytte låsbart regneark som regnskapsprogram. NIF har utarbeidd ein Excel-mal som du finn i undermeny «regnskapssystem» [HER](#).
- Alle idrettslag som har meir ein 600 bilag skal nytte rekneskapsprogram.
- Rekneskapet må følgje Norsk Standard Kontoplan.
- Lenke til NIF sine rekneskaps- og revisjonsbestemmelsar [HER](#).

ÅRSMELDINGAR og BUDSJETT FRÅ GRUPPENE

må vere styret i hende innan **17.mars 2016**. Vi sender alle årsmeldingane til trykking i veke 11-2016. Hugs og referat frå årsmøter og oversikt over ny styresamansetning med epost og kontaktinfo. Særidrettsgruppene sine årsmeldingar vert trykt som vedlegg til hovedlaget si årsmelding. Dersom særgruppa vil framheve ting spesielt og evt. sende med bilder, må dei gjere dette på eiga sak (frist 1. mars).

IDRETTSREGISTRERINGA 2016

Frist for idrettsregistreringa er **30. april 2017**. Særidrettsgruppene/medlemmane pliktar å registrere/betale sitt medlemsskap via KlubbAdmin (registrering) / Min Idrett (betaling). Det er kun betalande medlemmer som kan rapporterst. I 2016 hadde Førde IL 1771 betalande medlemmar via vårt medlemsregister i KlubbAdmin (av cirka 2200 unike medlemmer til einkvar tid). Registreringa er grunnlag for tildeling av off.midlar til Førde IL, og seinare gjeld det som grunnlag for tildeling av blant anna LAM-midlar (aktivitetsmidlar) til gruppene.

FINN FRIIS HAFSTAD MINNEFOND

sitt stipend går jf. statuttane til utøvarar innan ski, fotball eller friidrett og vert kunngjort på årsmøtet 30. mars og delast ut i forbindelse med 17. mai markeringa i Førde . Ein har berre høve til å vinne dette minnestipendet ein gong, så tidlegare vinnerar kan ikkje re-nominerast jf. minnestatuttane. Send begrunna framlegg til «Finn Friis Hafstad Minnefond» innan 1. mars. E-post post@fordeidrettslag.no.

TOPPIDRETTSSTIPENDET 2016/2017

Styret i Førde IL vil kunngjere vinnar (-ar) av Førde IL sitt toppidrettstipend 2016/2017 på årsmøtet 30. mars. Også desse stipenda blir utdelt på 17. mai.

VÅR FELLES NETTSIDE: www.fordeidrettslag.no

Vi registrerer med glede at fleire av særidrettsgruppene brukar våre nettsider levert av IdrettenOnline. Systemet har eit relativt lågt brukargrensesnitt, er bra integrert med sosiale media som Facebook, Twitter og Instagram, og er gratis for særidrettsgruppene å ta i bruk. Nettsidene er i utgangspunktet reklamefrie, slik at særidrettsgruppene kan legge til egne sponsorar. Dei som brukar nettsidene aktivt er så langt FIL Langrenn, FIL Alpin, FIL Symjing, FIL Orientering, FIL Friidrett og FIL Hovudlaget, sjølv sagt. Vi utfordrar fleire til å sjekke ut denne nettportalen.

Førde, 2.januar 2017

Tor Starheim
Leiar Førde IL
Tlf. 91876772
tor.starheim@gmail.com